



MØTEPROTOKOLL

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 31.03.2020
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 12:00 - 15:00

ORIENTERINGAR

Fast orientering frå rådmann og ordførar.

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Ordførar
Kjartan Haugsnes	SV	Varaordførar
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem

Andre møtande:

Rådmann Atle Fasteland,
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen,
Assisterande rådmann Åse Elin Myking

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
17/2020	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
18/2020	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
19/2020	REFERATSAKER OG MELDINGAR
20/2020	DALEGARDEN – SAL AV NÆRINGSTOMT



Vaksdal kommune

- 21/2020 KJØP AV FESTA NAUSTTOMTER SILDASTADSKJERET, VAKSDAL
- 22/2020 MIDLAR TIL INNKJØP AV SLEPESLÅMASKIN - VAKSDAL LANDBRUKSFOND 2019
- 23/2020 DRØFTINGSSAK - INTERPELLASJON VEDK. UTSETJING AV EIGEDOMSSKATT OG KOMMUNALE AVGIFTER
- 24/2020 UTTALE TIL NASJONAL TRANSPORTPLAN (NTP)



17/2020: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 31.03.2020

Behandling:

Samrøystes vedtak

FPØ - sak 17/2020 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

18/2020: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 31.03.2020

Behandling:

Samrøystes vedtak

FPØ - sak 18/2020 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

19/2020: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 31.03.2020

Behandling:



Vaksdal kommune

Referatsak 19.2020.3 - Inngangsparti Heradshuset:

Thor Andersen (AP) ba rådmannen vurdere om saka skal handsamast politisk seinare i prosessen.

Vedtak om å ta referatsaker og meldingar til orientering vart samrøystes vedteke

FPØ - sak 19/2020 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

20/2020: DALEGARDEN – SAL AV NÆRINGSTOMT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Næringstomt i nord i Dalegarden, del av gnr. 22 bnr. 14, vert lagt ut for sal.

Oversendingsforslag nr. 1 frå Kjartan Haugsnes (SV)

Rådmannen utarbeider forslag til enkle retningslinjer for kjøp og sal av eigedom i Vaksdal kommune til utval for bygdeutvikling innan utgangen av 2020. Endelege retningslinjer vert handsama i kommunestyret.

Sjå døme frå Jevnaker kommune:

<https://www.jevnaker.kommune.no/Kategori/Lokaldemokrati/Retningslinjer/Retningslinjer-for-salg-av-kommunal-eiendom/>

Oversendingsforslag nr. 2 frå Kjartan Haugsnes (SV)

Formannskapet ber administrasjonen legge, om mogleg, klausul om aktivitetsplikt på tomta innan fem år etter sal. Om det ikkje er igangsett aktivitet på tomta innan desse fem åra skal kommunen om ønskjeleg kunne kjøpe tomta tilbake på same vilkår som ved det opprinnelege salet.

Bygdeutviklingsutvalet 03.03.2020

Behandling:

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Helge Berset orienterte om saka.

Utval for bygdeutvikling drøfta saka.



Rådmannen sitt framlegg til vedtak, vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 04/2020 Vedtak/Tilråding:

Næringstomt i nord i Dalegarden, del av gnr. 22 bnr. 14, vert lagt ut for sal.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 19.03.2020

Behandling:

Formannskapsmøtet vart avlyst på grunn av situasjonen knytt til korona viruset og saka vart ikkje handsama 19.03.20.

FPØ - sak 13/2020 Vedtak/Tilråding:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 31.03.2020

Behandling:

Kjartan Haugsnes la fram to oversendingsforslag:

Oversendingsforslag nr 1:

Rådmannen utarbeider forslag til enkle retningslinjer for kjøp og sal av eigedom i Vaksdal kommune til utval for bygdeutvikling innan utgangen av 2020. Endelege retningslinjer vert handsama i kommunestyret.

Sjå døme frå Jevnaker kommune:

<https://www.jevnaker.kommune.no/Kategori/Lokaldemokrati/Retningslinjer/Retningslinjer-for-salg-av-kommunal-eiendom/>

Oversendingsforslag nr. 2:

Formannskapet ber administrasjonen legge, om mogleg, klausul om aktivitetsplikt på tomte innan fem år etter sal. Om det ikkje er igangsett aktivitet på tomte innan desse fem åra skal kommunen om ønskjeleg kunne kjøpe tomte tilbake på same vilkår som ved det opprinnelege salet.

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak, som også var Utval for bygdeutvikling si innstilling. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Det vart deretter røysta over Kjartan Haugsnes sine oversendingsforslag. Forslag nr. 1 vart samrøystes vedteke og forslag nr. 2 vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 20/2020 Vedtak/Tilråding:

Næringstomt i nord i Dalegarden, del av gnr. 22 bnr. 14, vert lagt ut for sal.



Oversendingsforslag nr 1:

Rådmannen utarbeider forslag til enkle retningslinjer for kjøp og sal av eiendom i Vaksdal kommune til utval for bygdeutvikling innan utgangen av 2020. Endelege retningslinjer vert handsama i kommunestyret.

Sjå døme frå Jevnaker kommune:

<https://www.jevnaker.kommune.no/Kategori/Lokaldemokrati/Retningslinjer/Retningslinjer-for-salg-av-kommunal-eiendom/>

Oversendingsforslag nr. 2:

Formannskapet ber administrasjonen legge, om mogleg, klausul om aktivitetsplikt på tomta innan fem år etter sal. Om det ikkje er igangsett aktivitet på tomta innan desse fem åra skal kommunen om ønskjeleg kunne kjøpe tomta tilbake på same vilkår som ved det opprinnelege salet.

21/2020: KJØP AV FESTA NAUSTTOMTER SILDASTADSKJERET, VAKSDAL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alle som i dag er festarar av festa kommunale nausttomter på Sildastadskjeret, får tilbod om å kjøpe tomta til kr 70.000 ekskl. alle kostnader. Det vert sett ein svarfrist på 1 månad frå kunngjering. Etter dette vert tomtene lagt ut for ope sal ved kunngjering i lokalpressa og på kommunen si heimeside.

Bygdeutviklingsutvalet 03.03.2020

Behandling:

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Helge Berset orienterte om saka.

Utval for bygdeutvikling drøfta saka.

Ståle Hesjedal (AP) låg fram forslag om å endre svarfrist, samt få fram at det berre er tomtene som ikkje er festa som vert lagt ut for sal i rådmannen sitt framlegg til vedtak. Dei som i dag festar og som ikkje ønskjer å kjøpe tomta, må få høve til å feste tomta vidare.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart forelått endra slik:

Alle som i dag er festarar av festa kommunale nausttomter på Sildastadskjeret, får tilbod om å kjøpe tomta til kr 70.000 ekskl. alle kostnader. Det vert sett ein svarfrist på 3 månad frå kunngjering.

Etter dette vert tomtene, som ikkje er festa, lagt ut for ope sal ved kunngjering i lokalpressa og på kommunen si heimeside.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot Ståle Hesjedal sitt framlegg til vedtak.



Ståle Hesjedal sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 05/2020 Vedtak/Tilråding:

Alle som i dag er festarar av festa kommunale nausttomter på Sildastadskjeret, får tilbod om å kjøpe tomte til kr 70.000 ekskl. alle kostnader. Det vert sett ein svarfrist på 3 månad frå kunngjering.

Etter dette vert tomtene, som ikkje er festa, lagt ut for ope sal ved kunngjering i lokalpressa og på kommunen si heimeside.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 19.03.2020

Behandling:

Formannskapsmøtet vart avlyst på grunn av situasjonen knytt til korona viruset og saka vart ikkje handsama 19.03.20.

FPØ - sak 14/2020 Vedtak/Tilråding:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 31.03.2020

Behandling:

Det vart røysta over Utval for bygdeutvikling si innstilling til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 21/2020 Vedtak/Tilråding:

Alle som i dag er festarar av festa kommunale nausttomter på Sildastadskjeret, får tilbod om å kjøpe tomte til kr 70.000 ekskl. alle kostnader. Det vert sett ein svarfrist på 3 månad frå kunngjering.

Etter dette vert tomtene, som ikkje er festa, lagt ut for ope sal ved kunngjering i lokalpressa og på kommunen si heimeside.

22/2020: MIDLAR TIL INNKJØP AV SLEPESLÅMASKIN - VAKSDAL LANDBRUKSFOND 2019

Styret i Vaksdal landbruksfond sitt framlegg til vedtak:

I medhald av Vaksdal landbruksfond sine vedtekter § 5, jf. § 1, løyver Formannskapet/plan- og økonomiutvalet (fondsstyret) kr. 35 000,- i fondsmidler til føretaka Lars Bjarte Nesheim, gbnr. 65/4 og Magnar Nese, gbnr. 66/2 i Eksingedalen, for innkjøp av felles slepeslåmaskin.

Tilskotet gjeld for 2019, og vert betalt ut etter at føretaka har sendt inn dokumentasjon på at



slepeslåmaskinen er i felles eige (samarbeidsavtale).

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 19.03.2020

Behandling:

Formannskapsmøtet vart avlyst på grunn av situasjonen knytt til korona viruset og saka vart ikkje handsama 19.03.20.

FPØ - sak 15/2020 Vedtak/Tilråding:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 31.03.2020

Behandling:

Råmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

FPØ - sak 22/2020 Vedtak/Tilråding:

I medhald av Vaksdal landbruksfond sine vedtekter § 5, jf. § 1, løyver Formannskapet/plan- og økonomiutvalet (fondsstyret) kr. 35 000,- i fondsmidlar til føretaka Lars Bjarte Nesheim, gbnr. 65/4 og Magnar Nese, gbnr. 66/2 i Eksingedalen, for innkjøp av felles slepeslåmaskin.

Tilskotet gjeld for 2019, og vert betalt ut etter at føretaka har sendt inn dokumentasjon på at slepeslåmaskinen er i felles eige (samarbeidsavtale).

23/2020: DRØFTINGSSAK - INTERPELLASJON VEDK. UTSETJING AV EIGEDOMSSKATT OG KOMMUNALE AVGIFTER

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 31.03.2020

Behandling:

Ordførar la saka fram for drøfting i Formannskap, plan- og økonomiutvalet.

FPØ - sak 23/2020 Vedtak/Tilråding:

24/2020: UTTALE TIL NASJONAL TRANSPORTPLAN (NTP)



Ordfører sitt framlegg til vedtak:

Vedlagde uttale vert oversendt Vestland fylkeskommune innan fristen 3. april.

Tilleggsforslag frå Erlend Hesjedal-Johannessen (H)

Dei samfunnsnyttige sidene ved bane mellom Bergen-Oslo er potensielt store. Ambisjonen om ei halvering av reisetida på strekninga vil ha stor nasjonal samfunnsnytte på persontransport, men og særleg på godstransport, som er satsingsområde i miljøperspektiv.

Bergensbanen er i dag ei av få jernbanestrekninger i Norge som er økonomisk lønsam, noko som berre vil bli ytterligare forsterka ved ei halvering av reisetida.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 31.03.2020

Behandling:

Erlend Hesjedal-Johannessen (H) la fram forslag om eit ekstra avsnitt til uttalen:

Dei samfunnsnyttige sidene ved bane mellom Bergen-Oslo er potensielt store. Ambisjonen om ei halvering av reisetida på strekninga vil ha stor nasjonal samfunnsnytte på persontransport, men og særleg på godstransport, som er satsingsområde i miljøperspektiv.

Bergensbanen er i dag ei av få jernbanestrekninger i Norge som er økonomisk lønsam, noko som berre vil bli ytterligare forsterka ved ei halvering av reisetida.

Ordfører sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Det vart deretter røysta over Erlend Hesjedal - Johannessen (H) sitt forslag om å legge inn eit ekstra avsnitt i uttalen. Dette vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 24/2020 Vedtak/Tilråding:

Vedlagde uttale vert oversendt Vestland fylkeskommune innan fristen 3. april.

Nytt avsnitt som skal leggest inn i uttalen:

Dei samfunnsnyttige sidene ved bane mellom Bergen-Oslo er potensielt store. Ambisjonen om ei halvering av reisetida på strekninga vil ha stor nasjonal samfunnsnytte på persontransport, men og særleg på godstransport, som er satsingsområde i miljøperspektiv.

Bergensbanen er i dag ei av få jernbanestrekninger i Norge som er økonomisk lønsam, noko som berre vil bli ytterligare forsterka ved ei halvering av reisetida.



Ordfører byrja møtet med å informerte om køyrereglar for gjennomføring av fjernmøte via Teams.

ORIENTERINGAR

Ordfører orienterte om arbeidet som er utført den siste perioden.

Kommunestyret som var planlagd oppsett 14. april, vert flytta til 21. april. Det fører til at møta i levekårsutvalet og bygdeutviklingsutvalet må flyttast til veka etter. Det vil bli gjennomført ein test av fjernmøte for alle medlemmene i kommunestyret veka før.

Rådmannen orienterte om arbeidet som er utført den siste perioden.

Rådmannen la fram to orienteringar for FPØ i lukka møte, med heimel i kommunelova §11-5 b).

Sak 1. Sak ved Stamnes Motorverstad

Rådmannen orienterte om status i saka, og utfordringar med å få levert båten og avfallet no. Formannskapet kunne støtte ei utsetting, men ba om dokumentasjon frå dei ulike aktørane på at dei ikkje kunne ta imot båten no, samt at det er ein avtale om levering i mai eller seinare.

Sak 2. Kjøp av areal.

Rådmannen orienterte om status i saka. FPØ drøfta vegen vidare.

SPØRSMÅL

Ordfører ba om at alle spørsmål vart sendt inn skriftleg til rådmannen, som vil gje eit skriftleg tilbakemelding til alle medlemmene i formannskap, plan- og økonomiutvalet.